

## Rotekte plommesortar i Norge



*Variasjon i rotekte plommer innsamla i Leikanger 10. september 2005*

Rapport utarbeidd for genressursutvalget for planter  
Stein Harald Hjeltnes  
Planteforsk Njøs  
Desember 2005

## Innleiing

Plommer er ei mangfaldig gruppe av planter av mange botaniske arter, som har vore i dyrking i minst 3.000 år. Dei vanlegaste artene av plomme vert til vanleg delte inn i tre hovudgrupper, Europeiske, Amerikanske og Asiatiske plommer. Fem arter er ikkje kjende som viltveksande, og er såleis truleg utvalde og dyrka av menneske i tidlege tider. Dette er *P. domestica*, *P. italica*, *P. syriaca*, *P. salicina*, *P. simonii* og *P. americana*. (OECD, 2002). Til den europeiske plommegruppa høyrer artene *P. spinosa*, *P. cerasifera*, *P. divaricata*, *P. insititia*, *P. domestica*, *P. italica*, og *P. syriaca*.

Iflg. OECD (2002) er det no konsensus om å dela slekta *Prunus* inn i 7 underslekter, der plommer høyrer til underslekta *Prunus*. Til denne underslekta høyrer m.a. artene *P. cerasifera*, *P. divaricata*, *P. domestica*, *P. insititia*, *P. spinosa* og *P. salicina*.

Europeiske plommer (*Prunus domestica*) sitt opprenningsområde er rekna til det Sørlege Europa og Vestlege Asia rundt Kaukasus og områda kring Det Kaspiske hav. Ein reknar med at arta har oppstått som ein naturleg heksaploid hybrid mellom *P. cerasifera* (2x) og *P. spinosa* (4x). Arta er utbreidd på Balkan og kring Middelhavet, men er altså ikkje naturleg viltveksande.

Kreker (*Prunus insititia*) er ofte skildra som ”viltveksande”, men buskane/trea står som hekkar kring gardsbruk og i gjerde som dele mellom gardar, og finst ikkje i skog slik tilfelle er m.a. med ville eple. Dei eldste ikkje-fossile funn av plommesteinar er frå yngre steinalder i Tyskland og Sveits, og kreke er eit typisk døme på samanhengande dyrking frå yngre steinalder (neolittisk tid) opp til notid. *P. insititia* er ei heksaploid art som hybridiserer med *P. domestica*.

Slåpetorn (*Prunus spinosa*) er ei tetraploid art, men det finst også naturlege hybridar med diploide, triploide, pentaploide og heksaploide kromosomtall. Arta dannar tette kjerr med sprikjande kvister og kvasse vedtorner. Slåpetorn finst kring Oslofjorden og enkelte stader langs kysten til Fitjar. Fruktena er små, blåsvarte, med dogg, og heller ”flau” smak (Lid, 1974).

Ein meiner at plommene har blitt førde til Hellas av Alexander den Store om lag 330 f.Kr. og at dei kom frå Damaskus i Syria. Dette er bakgrunnen for namnet damascener, damson eller ”damasker” som har blitt brukt. Damascener er rekna til *P. insititia*, og har i tyske pomologiar vore omtalte som ’Haber Pflaume’, ’Kreke’, ’Krieche’, ’Sankt-Julians Pflaume’ og ’Zipperle’. I England og Amerika er damasker brukt som namn på ovale, svarte plommer, medan det kontinentale Europa ikkje har so streng definisjon. Damasker kan såleis ha ein litt romslegare definisjon også i Norge, noko bruk av namnet ”damask” på gule, små plommer i Hardanger kan tyda på.

Bredsted (1896) skriv at ”forvilla” plommetre i hovudsak er spreidde med rotskot, for tre som er vaksne frå frø er lite vanleg å sjå i Danmark. Det finst talrike ”forvilla” plommetre, og til vanleg vert dei namnsette med stad- eller fargenamn. Dette kan ha gitt same sorten ulike namn alt etter kvar den vart dyrka. Taylor (1949) nemner at innimellom finst også halvville plommer av *P. domestica* (svisker), som er komne opp frå rotskot, og at desse trea dannar mindre rotskot enn kreken.

## **Botanisk skilje mellom *P.domestica* og *P.insititia***

Om ein tek utgangspunkt i den variasjonen som finst i frøplantefelt etter kryssing av sortar innan *P. domestica*, er ikkje skiljet mellom artene heilt eintydig. Buskaktig vekst finst også hjå *P. domestica*, sameleis torner, og enkelte frøplanter har svært små frukter, både gule, raude og blåsvarte. *P. insititia* vert omtala som damas eller damask, men i pomologisk litteratur er 'River's Early Prolific' omtala som 'Damas précoce de Rivers' – ein sort som definitivt er *P. domestica*. Dette er sikker p.g.a. fargen, men det finst også små, gule plommer som vert klassifisert til *P. insititia*, t.d. mirabeller. Skiljet mellom artene som vert brukt botanisk i "ville" bestand er såleis ikkje særleg klart, og det er vanskeleg å gje eksakt definisjon på kva som er kreker og kva som er vanlege plommer.

## **Bruksområde**

Me veit at rotekte plommesortar har vore mykje nytta som grunnstammer, i tillegg har mange vore nytta opp gjennom tidene til hushaldningsføremål, og enkelte sortar har jamvel vore selde til konsum. Dette er kjent for både blå og gule, søte plommer fleire stader i landet. Viktige typar til grunnstammer er fyrst og fremst "Gulplomme" eller "Gul sukkerplomme", som var mykje nytta i Hardanger og Sogn, og 'Omboplomme' som har vore mykje nytta i Rogaland. I forsøk på Njøs planta i 1952 (Husabø, 1971), vart utanlandske utvalde grunnstammer samanlikna med norske utval. Dei norske utvala var: Vinterplomme, Sukkerplomme, Raudplomme, Gulplomme, Blåplomme, Omboplomme og Bergaplomme som var samla inn på slutten av 1940-talet frå m.a. Lier, Ryfylke og Midtre Sogn. Mange av dei hevda seg godt i mange karakterer, men får lett mykje rotskot.



*Rotekte plommer kan ofte vera grunnstammer som har skote opp når edel-sorten er dauda bort, men kan også vera opprinneleg tre.*

*Her søte og gode blåplommer ved Hermansverk sentrum. Mogne 10. september 2005*

## **Litt om kreker**

Kreker er botanisk rekna til *Prunus insititia*, og har hatt mest å bety som grunnstammer i plommedyrkinga. I Danmark vart mest alle krekesortane mykje nytta til dette føremålet tidlegare (Bredsted, 1896). Ved gjentatt utval av typar som spirde godt, vart det i Frankrike ale fram krekesortar som gav einsarta planter etter frøformering, og dei eksporterte etter kvart slike grunnstammer som kvit og svart Damascener, Toulouse damacener og Saint Julien. Tre som vaks opp langs gardar, i røysar og elles som "halv-ville" bestand, kan ha sitt opphav i importerte grunnstammer. Det er vanskeleg å skilja kreker som har opphav i importerte grunnstammer, og kreker som har ein lang dyrkingshistorie i Norge, men dersom fruktene er små, blåsvarte, bitre og sure, er det mest truleg ei importert grunnstamme som er komen opp.

Anton Nilsson (1989) omtalar kreker som fiolette, blåsvarte eller raudaktige frukter, ofte med prikkar, men han reknar også dei gule mirabellene som ei gruppe av kreker. Skiljet er altså ikkje skarpt i hans klassifikasjon. Kjøtet på mirabellene fast, gult, helst søtt og aromatisk, men han nemner ikkje korleis mirabeller og t.d. "Allmänt gulplommon" vert skilde. Truleg er storleiken viktigaste kriterium.

Anton Nilsson nemner to namnsatte kreketypar som har vore dyrka i Sverige – 'Tunaplommon' og 'Mälarpplommon'. 'Tunaplommon' er ei lita gulgrøn/grønkvit plomme med varierende form frå rund til eggrund. 'Mälarpplommon' (syn. "Svartsjölandsplommon", "Upplandsplommon" og "Mälardalens gulplommon") er ei mirabell-liknande gul plomme, som kan ha litt raude flekker, og har tydeleg saum som deler frukta.

Bredsted (1896) nemner at i Danmark er det, på same vis som i Tyskland, raude, gule, kvite, blå og svarte "Spillinge blommer", "Havreblommer", osv, men at torghandlarane nytta "kreke" berre om dei syrlege og sure seintmognande sortar, som er gode hushaldningsortar.

I England fekk dei fram to ulike typar plommer frå kreken: "Bullace" (dei runde") og "damson" (dei ovale og dei lange). Taylor (1949) nemner at "damsons" er ovale og har fiolett farge, medan "bullaces" er runde med enten svart eller kvit farge. Det kan finnast typar med farge imellom, men desse er lite omtykte. "Damsons" og "bullaces" har mange føremoner framfor alminnelege svsker, som der i landet ofte ikkje når utvikling. Trea er svært hardføre med stive greiner som tåler godt vind, og har tett med fruktberande skot.

Hedrick (1919) skriv i sin store pomologi at sorten 'Damas', den vanlege damask, er produktiv og herdig, har vid tilpassing til jord og klima, små og bitre frukter, og svært gode prosesseigenskapar.


### **Rotekte plommetypar i Norge**

Så langt ein kjenner til er det ikkje gjort systematisk arbeid med rotekte plommetypar i Noreg. Ved intituttt for fruktdyrking, NLH, hadde ein 10-12 ulike typar som var samla inn frå norske fruktbygder. Dette var Blåplomme frå Lier, Eikerplomme, Blåplommer frå Hardanger, Gulaplomme frå Sogn og Drueplomme på Sørlandet. (Ljones 1980). Elles vart det som nemnt utført forsøk med ulike av desse plommetypene som grunnstammer på Njøs i åra 1952-1970. På 1920-talet skildra Misvær, Skard og Stedje mange sortar som seinare vart brukte i Norsk pomologi, og fleire plommetypar vart også skildra i det som var 4 årgangar av "Medlemsskrift for Selskapet havedyrkingens venner". Her vart både 'Blåplomme' (Birkeland, 1926) og 'Gulplomme' (Skard, 1923) skildra.

Rotekte plommesortar er mest kjende frå områda rundt Oslofjorden og langs kysten opp til fruktstróka på Vestlandet. På Møre er slike plommer helst lite vanleg (Amdam, pers. oppl.), og dei er helst lite vanlege også på Hedmark (Thorsrud, Kvisselien, pers. oppl.). Derimot er det mykje av dei i Lier-område, langs Sørlandet og eit stykke oppover dalstroka, og i fjordbygdene på Vestlandet er dei mykje utbreidde.

Ein del foredla sortar har også blitt dyrka på eiga rot. Mest vanleg har dette vore i Grøn Reine Claude, som også har hatt lokale namn/utval som t.d. Reine Claude 'Staubø' frå Staubø v/Arendal. Tråneplomme vart alen opp frå frø, og det finst ennå bestand av denne sorten på Tråne v/Søgne, men den er også teken vare på *ex situ* i arkivet i Hjelmeland og på UMB. Denne sorten vart alltid tidlegare øksla ved rotskot, og var ei tid mykje dyrka på Sørlandet.

Dei mest vanlege typane av rotekte plommer er små gule og blå plommer. Raude plommer er litt mindre vanleg, og dei grønne synest å ha minst utbreiingsområde.



*Blåplommer på eiga rot, same type som på Hermansverk, men desse var heller bitre, og er mest truleg kreker - grunnstammer*

*Hydle i Ulvik, fullmogne 24. september 2005  
Foto: S.H.Hjeltnes*

Rotekte plommesortar i Norge, som er "viltveksande" i fruktdyrkingsmiljøa og utover i meir perifere strok, kan vera både *P. insititia* og *P. domestica*, utan at dette undersøkt. Ut frå litteraturen er det *P. insititia* som finst "viltveksande" elles i Europa, og det er liten grunn til å tru at dette er annleis i Norge, sjølv om her også truleg kan finnast forvilla *P. domestica*. Bestand med høge tre, som har relativt store plommer og glatte skot, er sikkert *P. domestica*, medan andre meir svaktveksande bestand med små plommer og dunhåra skot truleg er kreke-typar.

### **Gule og gulkvite plommer**

Det finst eit utal med rotekte gule plommer kringom i landet, og dette er også situasjonen i Sverige og Danmark. Truleg har dei fleste av desse vore i landet svært lenge, kanskje heilt attende til klostertida, og det er såleis å forventast at dei inneheld ein god del variasjon p.g.a. mutasjonar. Mange av dei gule plommene i Norge er *P. domestica*, men her finst nok også ein god del som må klassifiserast til kreker (*P. insititia*).

### **Vanleg gulplomme**

I Sverige er den mest vanlege sorten 'Allmän gulplommon' / 'Hvitplommon' (syn. "Tidiga gula äggplommon", "Vanliga Hvitplommon", "Små gula äggplommon"). Den er like vanleg kring Mälaren som på Öland, der den ofte dannar tette kratt. Frukta er medels stor, 43 mm lang og 35 mm brei, avsmalande, og ofte med ein kort spiss mot stilken, men avrunda og avsmalande mot øvre enden. Ikkje fullt rund, og den eine halvdelen er ofte meir utvikla enn den andre. "Trädet växer vildt nästen vid hvarje stuga, och frukten är för *alla* ändemål god nog", skriv Eneroth (1901). Gulplomme er kjend også i Estland, men 'Allmänt gulplommon' er nærast ukjend i det sørlege Sverige, der finst i staden 'Skånskt gulplommon'.

Olav Skard (1923) meiner at den truleg er kjend heilt frå klostertida, og nemner at gulplommer er vanleg kring Oslofjorden. Han kallar sorten "Gulplomme, almindelig", og nemner at sorten også er kalla "eppomme" der. Han nemner at sorten ikkje må forvekslast med "Gul sukkerplomme". Ljones (1980) nemner at treet er utbreidd med flatrund krone og sterke greiner. Han skriv vidare at fargen er ljost gul med dogg. Kjøtet er fast og gult, og losnar nesten frå steinen. Mogningstid ca. 15. september. Han skriv at lokale namn er "Gulplommer", "Gule sukkerplommer", "Sukkerplommer", men iflg. Dahl er Sukkerplommer ein annan sort (jfr. omtale)

Vanleg gulplomme har ikkje så god kvalitet som mange andre sortar, men er godt brukbar både til friskkonsum og syltetøy (Skard, 1923). Den var såleis i si tid mykje etterspurd på torget i Oslo, og var i periodar dominerande på torget. Trea er svært hardføre og produktive.

*Gulplomme frå Sørlandet. Tydeleg avsmalnande mot stilken. Dette er truleg den same som i Sverige er kalla "Allmänt gulplommon"*

*Foto: Åsmund Asdal*



Vanleg gulplomme finst framleis i mange strøk, men ut frå førbels studier synest den å vera mest vanleg på Aust- og Sørlandet. Truleg finst det også ein del av denne oppover mot Mjøstraktene. Ein tydeleg hals er ofte tilstades på den vanlege gulplomma, og dette er tydeleg på ein type som vart funnen i 2005 i ein hage på Sørlandet (jfr. bilete).

### **Gulplomme/ Gul sukkerplomme**

Mellom dei søte, gule plommene som er over 25 mm store, finst sansynlegvis den svært gamle sorten som er kjend m.a. i England sidan 700-talet. Denne sorten kallar Hedrick (1910) for 'Early Yellow', men den har mange synonym, t.d. 'Prune d'Avoine'. Det er skildra som ei gul plomme med mjukt kjøtt som sletter steinen, og skota skal vera dunete. Truleg er sorten 'Skånskt gulplommon' (syn. "Tidigt aprikosplommon", "Gula sockerplommon") også synonym for denne sorten. 'Skånsk gulplommon' var lenge dyrka i Danmark og sørlege Sverige, og vart omtalt i Sveriges pomologisk förenings årsskrift av C.G.Dahl (1931) saman med 'Allmänt gulplommon'. Han omtalar sorten med at frukta er knapt medels stor, størst breidd over midten, av og til litt raude ringar eller punkt med raudt. Fruktkjøtet er laust, grovt, saftig, lysegult, meir søtt enn syrleg og med svak aroma. Dahl skriv at skota er kraftig dunhåra, og det er ei eggforma eller drueforma plomme,. Sorten er spreidd med rotskot, og har stor utbreiing.



*Gulplommer i Holene, Leikanger. Raudprikmete, runde plommer med grunn saum. Truleg same sorten som 'Early Yellow'*

*Fullmogne 10.september 2005*

*Foto: S.H.Hjeltnes*

Gule plommer som vart funne i Sogn i september 2005 har ikkje den halsen som er typisk for 'Vanleg gulplomme', men har tydeleg raude skalpunkt, og er på storleik med mirabeller. Det er kjent at "Gul sukkerplomme" i Sogn er kjenneteikna ved kraftig håring på årsskot, og dette sortskjenneteiknet på 'Early Yellow'/'Skånskt gulplommon'.



*Gule plommer frå Leikanger. Tandert kjøt, men steinen løyser godt, og smaken er søt og god.  
Foto: S.H.Hjeltnes*

I Vest Agder har det også funnest "Gul eggeplomme", små gule sukkerplommer som ikkje slepper steinen så godt, men som også vart nytta litt til grunnstammer. Eggeplomme viser til forma på plommene, og ein kan gjerne sjå på dei som litt store, eggforma druer. Namn som "Drueplomme" har vore nytta på slike plommer (Ljones, 1980), men det har ikkje lukkast å finna andre opplysningar om denne plomma frå Sørlandet.

Eggeplomme har ikkje noko å gjera med sorten 'Gul Eggeplomme' som er synonym for 'Yellow Egg' og 'Yellow Magnum Bonum' - ei svært stor, gul, eggeforma plomme. Eggeplommer vert brukte på sortar med alle fargar.

## **Omboplomme**

Omboplomme er rotekte, seine, gule plommer som ikkje vert gode før dei har fått ei frostnatt på seg, men då vert dei svært søte og gode. Plommene vart selde i stor målestokk i si tid, men går ikkje no p.g.a. at dei er for små. Omboplomme er eit svaktveksande tre som var mykje brukt som grunnstamme til "Sandepomme" (R.Cl. d'Oullins) og Althanns, og vart rekna som særleg god til Oullins. Tormod Hagen, som dreiv Tormod Hagen planteskule i Sandnes, opplyser at dei vaska og sådde steinar av Ombo-plomme, og la dei til stratifisering om hausten. Etter 2 år på frøplanteseng, var stammene klare til okulasjon. Desse frøstammene av Omboplomme var helst einsarta i vekstkraft, men gav ofte mykje rotskot. Med bakgrunn i fruktstorleiken og den bitre smaken, må Omboplommene truleg reknast som ein type kreker.

## **Blå plommer**

På same måte som for gule plommer, finst det ei lang rekkje med blå rotekte plommetypar i Norge. Mest kjend er truleg 'Blåplomme frå Lier' som vart skildra av hagebrukslærer Leiv Birkeland i 1926. Han nemner synonym som "rotekte blaaplome" og "blaaplome", og at sorten er av dei eldste som finst i Norge og truleg kan skriva seg heilt frå klostertida. Han nemner at sorten er mest vanleg i Lier, Eiker og Modum, men finst over heile Austlandet frå "synste luten av Uppland fylke og sudover. Ho finst og paa Sørlandet og paa Vestlandet til Stangvik paa Nordmøre." Det er ei oval – rund frukt med tunn stilk, som har god kvalitet og vart mykje omsett i tidlegare tider. Det finst både runde og avlange typar som kan vera søte og gode eller svært snerpande. Mange av desse typane er sikkert kreker, medan andre er *P. domestica* – typar. Ljones (1980) nemner to typar blåplommer frå Hardanger, ein rund og ein

avlang. Desse to typane er også kjende i Sogn, og det er her også kjent at typane har ulik kvalitet, både bitre/ sure, og søte.

Enkelte blå rotekte sortar har fått lokale namn i klonarkiva, og Kaltveitplomme som finst ved klonarkivet på Vigatunet er eit slikt lokalt namn. Kaltveit er ein gard i Årdal i Ryfylke, der det vart samla inn materiale av ein blå, rotekte plommetype. I Rogaland er det også kjent blå villtype om er så sure og bitre at dei "syg ut alt som heiter sputt or munnen når du bit i dei" iflg. folk som har smakt på dei. Dette er utvilsamt kreker, då dette er eit av særtrekka ved den plommetypen.



*Blåplomme frå Leikanger. Tydeleg hals og mykje dogg*  
*Foto: S.H.Hjeltnes*



*Blåplomme frå Ulvik. Rund plomme med dogg*  
*Foto: S.H.Hjeltnes*

Skiljet mellom damasker av *P. insititia* og blåplommer i *P. domestica* er uklårt på same måte som for dei gule/kvite plommene. Som døme på det kan nemnast 'Damas précoce de Rivers' som er synonym for 'River's Early Prolific'. Denne blåplomma vert såleis stundom klassifisert som ei damask, sjølv om ho slett ikkje er sur og bitter.

Det vart funne fleire bestand av slike rotekte plommer hausten 2005, både i Ulvik og i Leikanger, og blåraude plommer er lokaliserte på Sørlandet. Klonarkivet i Lier har fleire typar blåplommer, både med og utan dogg, og med ulik mogningstid. Eit lokalt utval som finst i arkivet er kalla "Stokkarudplomme". Blåplommene er truleg godt representerte i klonarkivet i Lier, men er for lite kartlagt på Sør- og Vestlandet.

### **Raude plommer**

Ei anna gruppe plommer som er kjende er den raude typen, og Andreas Hørthe opplyser at i Lier-område er kjent "Eikerplommer", "Eikerkriker" og "Rødpommer". Dette er runde, små plommer som slemper steinen, og dei er søte og gode. Ein del slike plommer er tekne vare på i klonarkivet i Lier. Denne plommetypen er også kjend og lokalisert i Sogn, og også her er dei kjende for å ha god smak.

I Sverige er det mange sortar som går under namnet 'Rødpommon', men Eneroth har ikkje gått inn på å gruppera eller klassifisera dei. "Västmanlands Rødpommon" er omtalt i pomologien (Eneroth, 1901), med 34 mm lange og 33 mm breie frukter, runde eller kort eggforma, grunn saum, 14 mm stilk og grunn stilkhole. Skalet er helst tjukt, syrleg, bleikraudt med myrkare fine prikkar, heilt dekkja med lyst raudblå dogg. Ikkje heilt laus stein, og mognar i byrjinga av september. Dette er karakteristikkar som høver godt på dei 'Raudplommene' som vart funne i Leikanger i september 2005, sjølv om steinen der løyste svært godt.



*Raudplommer frå Huke i Leikanger, 10. september 2005  
Lysande raude, runde plommer med laus stein.  
Søte og gode.*

*Foto: S.H.Hjeltnes*

'Røde sukkerplommer' er også kjende på Sørlandet (Jon Fløystad, personleg oppl.). Raudplommer er svært lite omtala i norsk pomologisk litteratur, og krev meir studier for å kunna definerast skikkeleg.

## **Grøne plommer**

'Vintraplommer' er ein gamal sort i Sogn, som på same måte som Omboplomme bør ha frost på seg for å bli brukande. Plommene er på det næraste gjennomsiktige, og er svært seint mogne. Trea vert helst høge, skota er glatte og plommene er medels store, om lag som Reine Claude grøn. Dei må såleis reknast til ein type *Prunus domestica*. Vinterplommer gav produktive tre i grunnstammeforsøket på Njøs, men svært mykje rotskot, noko som er ein uheldig eigenskap. Det finst enno att fleire bestand av slike plommer, m.a. i Leikanger, og denne plommetypen er også kjend frå Hardanger.



*Bestand av 'Vintraplomme', Huke i Leikanger  
Høge tre med grønaktige, svært seine plommer*

*Foto: S.H.Hjeltnes*

## **Risikovurdering**

I Hardanger er det gjennomført omfattande bakkeplanering og rydding av ukurante sortar. Såleis er det vanskeleg å finna forvilla plommetypar i Sør fjorden utanom urar der det ikkje er gjennomført planering. I andre område finst det derimot bestand av dei fleste gamle viltveksande plommetypar, og dei er såleis ikkje sterkt utsette for utrydding.

## **Forslag til tiltak**

Dei rotekte plommene er ein lite utforska ressurs i Noreg, og heller ikkje i dei andre nordiske landa er det gjort systematiske studier av desse plommene for å finna likskaper og ulikskaper utanom dei to gule typane. Det bør såleis liggja til rette for eit nordisk eller Nord-Europeisk prosjekt for å undersøkje dei genetiske ressursane innan *Prunus domestica* og *Prunus insititia*,

der det også vert nytta moderne bioteknologiske metodar i klassifiseringa. I ein slik studie bør dei baltiske statane inkludertast, i og med at det er kjent same plommetypane også i dei landa. Arbeidet bør i tillegg til kartfesting og pomologiske skildringar, også omfatta vurdering av karakterar som kan utnyttast i foredling.

## **Litteratur**

- Birkeland, L. 1926. Blaaploma. Selskapet havedyrkingens venner Medlemsskrift 4 årg.: 25-27
- Bredsted. H.C. 1896. Haandbog i dansk Pomologi. 3.die Bind – Stenfrugter. Kirsebær og Blommer. Hempelske Bog- og Papirhandels Forlag, Odense 1896: 358 s.
- Dahl, C.G. 1931. Allmänt gulplommon och Skånskt gulplommon. Sveriges Pomologiska Föränings Årsskrift 32(1): 51-53
- Eneroth, O. 1901. Handbok i svensk pomologi. Fjärde delen körsbär och plommon. .A. Norstedt & söners förlag, Stockholm, 1901: 336 s.
- Hedrick, U.P. 1911. The Plums of New York. J.B.Lyon Company, State Printers, Albany,USA. 1911: 616s.
- Husabø, P.J. 1971. Sort- og grunnstammeforsøk med plommer. Statens forsøksgard Njøs 1920-1970. Jubileumsskriv s.28-59
- Lid, J. 1974. Norsk og svensk flora. Andre utgåva. Det Norske Samlaget, Oslo 1974: 808s.
- Ljones, B. 1980. Plommekultivarer. Institutt for frukt dyrking og fruktkonservering, NLH. Stensiltrykk nr. 24: 28 s.
- Nilsson, A. 1989. Våra päron, plommon- och körsbärssorter. Karlebo Förlag AB, Örebro: 370 s.
- OECD 2002. Environment, Health and Safety Publications, Series on Harmonization of Regulatory Oversight in Biotechnology, no. 24. "Consensus Document on the Biology of Prunus sp. (Stone fruits)". 44 s.
- Skard, O. 1923. Gulplomme, almindelig. Selskapet havedyrkingens venner. Medlemsskrift 1.årg.: 15-16
- Taylor, H.V. 1949. The plums of England. Crosby Lockwood & Son, Ltd. London, 1949: 151s.

## **Intervju**

- Johannes Thorsrud, 88 år, tidl. Forskingsleiar ved Planteforsk Kise
- Tormod Hagen, 86 år, tidlegare planteskule-eigar, Sandnes
- Jan Ove Nes, gardbrukar på Nes i Ullensvang
- Terje Pundsnes, rådgjevar, Hjelmeland
- Jon Fløistad, amanuensis, Bjorbekk v/Arendal, Vest Agder
- Torbjørn Kvisselien, Stange, pensjonert lektor på Jønsberg landbruksskole
- Andreas Hørthe, 83 år, Lier
- Erling Kråkevik, Nå
- Åse Jensen, Hjelmeland
- Rolf Amdam, pensjonert fylkesgartnar i Møre og Romsdal, Ørskog